


Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



I dette
nummeret
kan du
m.a. lesa:

Nytt frå Mali og Kenyaside 4 og 5

Yngres på Vik.....side 7

Jinka-prosjektet i Etiopia..side 8 og 9

Biskopen si julehelsingside 16





Fri kyrkje!

Hendingar i Den norske kyrkja si søge i midten av det førre hundreåret kan kaste lys over den kyrkjesituasjonen vi sukkar over no for tida.

Eg sit og blar i ei bok eg har arva etter min morfar. 55 år gamal er ho. Det er Årbok for Dnk anno 1952. Smålåten i forma, men sterk i orda går Oslo Biskop Eivind Berggrav her i to små notat om staten si styring av dei kyrkjelege eigedomane og "Opplysningsvesenets Fond" (s.123-125) i røynda til frontalangrep på statskyrkjesystemet.

Fri kyrkje! Det kan vel ikkje ha passert utan merksemd hjå kyrkjefolket at denne hausten har brakt med seg eit svært kontroversielt politisk vedtak om nettopp Opplysningsvesenets Fond. Og at kyrkjestatsråden for andre gongen har vore på Kyrkjemøtet for å få kyrkja til å endre syn i eit ikkje ukjent etisk spørsmål.

Mange skjønar nok at dette er dramatisk. Men det mange ikkje tenkjer på er at statsråden her i realiteten plasserer seg i same tradisjonen som danskekongen, som i 1536 i eit kupp tok den katolske kyrkja frå det norske folket og sendte erkebiskop Olav Engelbrektsson i eksil i Belgia.

Kvifor er det så viktig at kyrkja er fri frå dei som sit med makta, same kva farge dei har?

Fordi Kyrkja har ein bodskap som er for alle. Og det er fordi Kyrkja bare kjenner ein Herre, Jesus Kristus, som har openberra seg i sitt Ord. Difor er òg den sanne Kyrkja bunde til Guds Ord.

Fri kyrkje! I slutten av det 19. århundret var kyrkja ei overbygning over det konservative samfunnet, og sto på avstand frå arbeidsfolk og vanlege menneske. Heldigvis har vi langt på veg fått slutt på slike tilhøve. Men i dag er det visst kyrkja si freisting å vere overbygning på nytt, no for

postmodernismen, som synest å vere den dominerande understraumen i politikk, media, og samfunnsliv i heile Vesten.

Ei postmoderne kyrkje kan ikkje overleve. Og vil på nytt skape avstand til vanlege folk.

Ser ikkje kyrkjeleiarane at den politiske omforminga av Den norske kyrkja vi no er vitne til òg med tida vil gjere henne til eit museum?

Eg trur nemleg at mange som i dag reknar seg som kyrkjefolk ikkje vil ha ei postmoderne kyrkje, men med tida vil finne seg andre kyrkjer og forsamlingar, som betre tek vare på Ordet.

Det er fint med gode kjensler og opplevingar. Men Jesu Kristi Kyrkje står på fastare grunn: det profetane og apostlane vitnar om Guds gode vilje for livet og gleda ved å følge Herren.

Både i liv og død treng vi alle denne faste grunnen: Jesu siger over synda, døden og den onde: **"...med ditt blod har du frikjøpt for Gud - menneske av alle ætter og tungemål,- av alle folk og folkeslag."**(Op.5,9b)

Og jamen treng vi løftet i Ordet at vi skal få vinne det evige Livet med Han. **(Joh.17,3)**

På vår siste dag held berre det Jesus har gjort for oss, slik min gode medarbeidar i Hustad kyrkje i Romsdal på 80-talet, klokke Anders Myrseth sa det:

"Og når min dag er komen, og eg skal berast ut, Eg møta skal for domen, og standa fram for Gud. Då bleiknar siste resten av eige stordomsmot, Då gjelder berre blodet, det dyre Jesu blod." (Anders Myrseth, Det einaste som duger, v.3: Eige forlag 1985, s.45)

Frist for stoff til ØyNytt i 2008:

Nr 1: 11. februar,
Nr 2: 7. april,
Nr 3: 23. mai

Nr 4: 12. august,
Nr 5: 14. oktober,
Nr 6: 24. november



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør: Odd N. Thormodsæter
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen
Takkeannonser: kr 100,-
Kontonr.: 3628 07 02557
Layout/trykk: Grafisk Team AS
Distribusjon i Øygarden: Hurtiglevering, Tjeldsto tlf. 98 66 53 29

Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenesteseiteret, Rong
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 56 38 22 40
Faks: 56 38 22 41
Vakttelefon: 56 38 22 44
E-post: kontor@kyrkja.net

Internettider: kyrkja.net

Ekspedisjonstid: måndag – fredag 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorsekretær: Kari Sandøy Rong
e-post: kontor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog: Turid Toft Amena
e-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 47

Kantor: Anne Lise Grøm
kontor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08

Sokneprest: Svern Martinsen
e-post: sokneprest@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 44

Kyrkjeverje: Odd N. Thormodsæter
e-post: kyrkjeverje@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 43

Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje: tlf. 56 38 70 22
e-post: blomvag.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. Kåre Kristoffersen
Mobil: 911 05 197
Klokkar: Ole Vik

Hjelme kyrkje: tlf. 56 38 80 30
e-post: hjelme.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. Janesh Amena
Mobil 958 23 472

Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Olaug Merete Rong
Hjelme sokneråd: Leiar: Atle Dävøy
Øygarden kyrkjelege fellelråd: Leiar: Gustav Landro

Beredskapsordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



”Gud har ein plan med ditt liv”

For ei stund sia trefte eg på ein gammal kjenning. Dagen hadde starta dårlig for meg. Eg hadde sove lite om natta grunna sjuke ungar og morgonen vart ikkje særleg betre grunna ei trassig og morgon gretten dotter. I tillegg hadde eg ærend på eit kjøpesenter – ikkje akkurat drømmesenarioet på ein slik dag. Det var her eg møtte på ein gammal arbeidskollega av meg. Etter at me hadde prata ei stund kom spørsmålet som sette meg litt ut av spel – ”É du alltid so smilande og blid?” Dette spørsmålet kom altså på ein dag der eg aldeles ikkje var på topp verken humørmessig eller elles. Eg hadde ikkje noko direkte svar der og då, men om kvelden tenkte eg over spørsmålet. Etter ei stund kom eg fram til at - ja, eg trur, og håpar at eg alltid er smilande

*Fager kveldsol smiler,
over heimen ned
jord og himmel kviler
stilt i heilag fred*

*Berre bekken brusar
frå det bratte fjell
høyr, kor sterkt det susar
i den stille kveld*

*Ingen kveld kan læra
bekken fred og ro
ingj klokke bera
honom kvilebod*

*Så mitt hjarta stundar
bankande i barm
til eg eingong blundar
i Guds faderarm*

og glad. Eg har uansett ingen grunn til ikkje å vera det. Me er utruleg heldige som får lov til å leva og voksa opp i eit trygt og fredeleg land – stort sett utan dei store bekymringar. Eg er veldig takknemlig for det privilegiet og for at eg har ein så flott familie som tross alt alltid får meg til å vera smilande og glad. Har difor valt meg salmen ”Fager kveldsol smiler” som min salme fordi den kvar kveld ved leggetid får dei tre eg bryr meg aller mest om til å vera smilande og glad.

*Venleg helsing Silvia Haugland.
Eg utfordrar Maria Andrea Pahr
til neste Min salme.*

GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN



Denne gongen viser vi eit bilete frå 1984 av Herdlevær Misjonssambandsforening. Dette er ei forening som starta i 1898, då predikant Lars Johnsen vitja bygda. På første basaren vart det selt eit lam for 5 kr. Forutan lammet vart det og selt ei overskjorte!!

*Dei som er med på biletet:
Framme f.v.: Marta
Herdlevær, Margit Herdlevær
Bak f.v.: Karen Herdlevær,
Valborg Herdlevær, Astrid
Herdlevær*

Biletet er utlånt frå Anders Vik

MISJONÆRBREV FRÅ MALI

Kjære venner!

Nå er innhøstinga i full gang. Folk kommer hjem fra bushen med eselkjerrer fulle av hirse og peanøtter, eller de bærer et stort lass på hodet. Både damer og menn er aktive, og i helgene må skolebarna hjelpe til. For det meste er det gode avlinger, men noen klager over at peanøttene ikke er blitt modne.

Været har skifta over til kalde netter og tørre dager. Det blåser nesten hver eneste dag, og lufta er full av sand. Kaldetida er begynt, og i dag måtte jentene ha på seg strømpebukse. (Dvs at der var 15 grader da vi sto opp. Nå, midt på dagen, har det steget til 35).



Hverdagsliv

Jentene våre ser vi ikke så mye til lenger. Sosaba kommer og henter de om morgenen, og så kommer de ikke hjem før klokka fire. De leker og leker, og vil ofte leke litt til før de går hjem. Ester Kristine skravler i veg på kassonke, og som regel kommer hun hjem med lånte klær da hennes er blitt skitne etter lek med sand og vann. Takk for at vi er friske og at jentene trives.

Jan har dagene fulle av praktiske oppgaver. Huset til Therese er ferdig innvendig, så det målet ble nådd i god tid. Forrige søndag var det gudstjeneste for siste gang i jordkirke i Ossobidjanja. Mandag ble langveggene revet. Det var dugnad, og heldigvis stilte flere opp. Det er kirken selv som bygger ny kirke med støtte fra misjonen til sement og jern, og med Jan som arbeidsleder. De har allerede kommet langt opp på veggene. Så kommende søndag blir det gudstjeneste i delvis ferdig ny kirke. Be for den nye kirka, at den kan bli til velsignelse for menigheten.

Menighetsarbeid

Jan har hatt sitt første samling med mannsgruppa. Da var de fire stykker som leste en bibelhistorie og så en film om skapelseshistorien. Djawi er en av de som er med. Han har ikke gått i kirken på lenge. Alltid er det noen annet som må gjøres. Men han sier at han tror på Jesus, og at han ønsker å lære mer. Han sier også at nå vil begge konene bli døpt. Men de trenger å ta del i det kristne fellesskapet for å vise at de mener det de sier. Fortsett å be for han, og for mannsgruppa. Vi tror at et slikt lite fellesskap er viktig for å utvikle troen.

Jeg har begynt med ETD-undervisning med ei av kvinnene i menigheten. ETD står for desentralisert teologisk undervisning. Det er et opplegg der studeneten kan studere på egenhånd hjemme med oppfølging av en lærer. Bøkene har korte avsnitt med tekst fulgt av spørsmål. Vi har begynt med boka «Å følge Jesus». Aisata kan lese og skrive, og hun kan fransk, så det gjør det overkommelig for meg! Det er veldig oppmuntrende å se hvordan hun oppdager nye ting i Bibelen.

Be om at vi må følge Guds ledelse og at vi kan vise Jesu sinnelag til de menneskene vi møter

God advent!

Varme hilsner fra Elisabeth og Jan, Ester Kristine og Hild Elida



MISJONÆRBREV FRÅ KENYA

*For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven.
Herreveldet kviler på hans aksler, og han skal kallast:
Underfull Rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste.
Jes. 9,6*

For andre gong står jula for døra under opphaldet vårt her i Kenya.

Jula med glitter og stas. Butikkar som bugnar av "ting" me treng for høgtida. Augo og behova våre aukar i takt med ulike iaugefallande "kjekke ting". Me handlar inn, kavar og styrer. Alt skal vera av beste sort – også denne julehelga.

Det var ei som skreiv ein sms i går kveld der ho lurte på om det var noko me trong...

hadde lyst på i høve julehelga. Eg svarta som sant var at behova våre vert litt endra når me er her i Kenya. Det er ikkje det... her i Nairobi er det og likt og ulikt for augo og sjela i butikkane. Her er mykje som kunne vore kjekt å hatt..

Samstundes har me faktisk alt me treng. (lilla lys til adventsstaken er ikkje råd å få tak i,- men om dei no er kvite gjer vel det same nytten?)

Venene våre her nede feirer og jul. Kor mykje krams krams har dei høve til å kjøpa?? Lys, dukar, ulike pyntegenstandar ... dei hadde sett utruleg pris på det. (Ei dame her og ei i Noreg har dei same luksuriøse behova)

Spørsmåla her blir: Har me råd til litt ekstra mat? Kan det kjøpast inn litt kjøt .. som ein variasjon til ugali (maissstuing) bønnen og sukumawiki (ein kålliknande grønnsak)? Er det nokon sjanse for at me kan kjøpa nokre nye klede til borna? Kva med skulepengane som skal betalast like etter jul.. Greier me å få endane til å møtast? Kanskje er dette ein av grunnane til at dei reknar meir med Gud i kvardagen enn det me er vane med i vår kultur. Dei har ikkje noko materiell overflod å setja si lit til!!!!

Når me ser korleis venene våre slit for å halda hjula i sving, blir liksom ikkje handletrongen så sterk som før. Det er då mykje kjekkare heller å prøva hjelpa nokre av dei. Godt å få dela litt av den overfloda me lever i. ja, for me har det utruleg godt.

No er hausten (våren) snart over. Kjersti har hatt to periodar, kvar på 14 dagar i Pokot der ho har vore lærar

for nokre elevar. Det var fine veker, med mange ulike opplevingar. Godt å koma seg litt vekk frå tomta her, og møta ein annan del av den kenyanske kulturen. Herlege folk, nydeleg natur, fred og ro. Ho prøvde så godt ho kunne å lagra dei fredfulle augeblinka i ei eiga mappe på harddisken kalla "Stunder å dra fram når du kjem heim att til Noreg".



Andreas har hatt seg ein tur til Arusha og jakta. Han fylte frysaren med viltkjøt, så middagane i jula for vår del er redda. Kjekt for han også å koma seg litt "ut".

Elles har hausten (våren) gått fort. Dagane er fulle av store og små gjeremål. Godt å kjenna at me er til nytte, og at me er i Guds plan.

Så tenkjer me på dykk heime.

Det er så kjekt å halda kontakten med ein del av dykk. Det ser ut for at de lever vel.. sjølv om me ikkje er der...J Ja, ja, no kjem me nok heimover ut i juni 08 ein gong (så då er freden broten..). Har ikkje noko lyst å reisa heim att enno, men slik vert det no.

Så står det berre att å ynskja Guds signing over julehelga og det nye året som ligg framføre.

Kor me feirar jula har lite å seia. Det viktigaste er at Jesus blir sentrum.

VARME HELSINGAR frå Kjersti og Andreas



Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

Leirar på Skjergardsheimen!

Sidan siste utgåve av ØyNytt har me hatt heile to leirar på Skjergardsheimen.

Den fyrste leiren fann stad 26.-28 oktober. Denne var for ungdomskuletrinnet, og her var det fart og moro frå fyrste stund. I løpet av helga hadde me alt frå OL med diverse greiner, delekveld, flørtning, bønnevandring, rangling om nettene, julebruksdriking, kveldssamling osv. Ingvald Andre kom heimom ein tur frå Fjellhaug og hadde spanande bibeltimar der han mellom anna tala om forsoninga. Søndagen kom nok litt tidleg på dei fleste. Etter nok ein fin bibeltime, pakka alle sakene sine og reiste heim, vel nøgde etter ei annleis helg på leir.

16. –18. oktober hadde me leir for 6. og 7. klasse. Denne helga var Skjergardsheimen full, mange stod til og med på venteliste for å få plass! Også her var det liv og røre. Leiren byrja med bli-kjend-kveld der ulike leikar gjorde gjengen samanspleisa, før me hadde ei fin lita kveldssamling. Dagen etterpå hadde me bibeltime, OL, leirkveld, filmframsyning, landskamp og kveldssamling.

Gjennom heile leiren var fokuset å smaka på Jesus. Bli litt betre kjend både med Han og Bibelen. For å bli det, øvde me mellom anna inn ein song, ”Jesus du er god”, som me framførde i Blomvåg kyrkja saman med Jubelkoret som ei avslutning på leiren søndagen. Og alle var samde om at det hadde vore ein vellukka leir!

Søndag 25. oktober arrangerte teamet leiardag på Vik bedehus. Her var alle ungdommane i Øygarden som anten har vore med som leiarar på leir denne hausten, eller som sit i styret for KRIK, Ichtys, Skulelaget eller Øygarden Gospel inviterte. Heile 14 ungdommar takka ja til invitasjonen og vart med på ein kveld med litt undervisning relatert til det å vera ein leiar i kristne samanhengar, teambuilding, filmsjåing og sjølvsgod god mat. Humøret var på topp, og skal me tru deltakarane, var dette ein vellukka dag.

Teamet vil med dette nytta høvet til å ynskja alle born og unge i Øygarden ei velsigna god julehøgtid med Jesus i sentrum!



ØyNytt-rosa

Denne gongen vil vi gjerne få gi ØyNytt-rosa til dagleg leiar på Skjergardsheimen, **Jan-Owe Jensen**.

Du har vist ekte omsorg for oss som nyttar oss av tenestene på leirstaden.

Ingen ting er umogleg når du blir utfordra. Takk for alle gongene du har funne løysingar på praktiske problem, og kome oss i møte.

For å seia det enkelt: Vi trivest med å bruka tenestene frå Skjergardsheimen!



Helsing oss på kyrkjekontoret.

Yngresen på Vik Bedehus

Den som har vore leiar heilt frå starten i 1983 er Erling Vik. Nokre år etter kom Olav Martin Vik og seinare blei også kona Gerd Lillian Vik med. Desse tre har vore den faste kjerna i å driva yngresen. I tillegg har mange vore innom og tatt eit tak i løpet av desse åra. Denne hausten er Tor Henrik Vik og Roy Torsvik komme inn som nye leiarar og det er flott.

Yngresen på Vik bedehus er eit flott tilbud som alle kan delta i.

Har du lyst å vera med er du hjarteleg velkommen!!!!!!!!!!!!



Fakta:

Samlingar annan kvar fredag frå kl. 19- 21.00
For aldersgruppa frå 5. klasse og oppover
Vi er normalt frå 20 – 40 på samlingane
Hovedtyngda kjem frå Toftøy, men det er ofte folk frå andre bygder innom også(Rong-Blom)

Minneord



Tidligere kapellan i Herdla(nå Øygarden) Prestegjeld, Knut Hernes, er avgått ved døden i en alder av 84 år. Han var født i Sandviken, der han tidlig kom med i det kristne ungdomsarbeidet. Der traff han også sin Ruth Mary Stokkenes, som ble hans gode medarbeider gjennom alle år.

Under krigen var Hernes kontormann. Han ble student i 1945, tok teologisk embetseksamen ved Menighetsfakultetet i 1952 og året etter ordinert for å gjøre tjeneste som reisesekretær i Bergens Søndagsskolekrets. Fra 1957 til 1966 var han kapellan i Herdla, og hadde tjeneste i Blomvåg og Hjelme. Senere kom han til St.Markus, og avsluttet sin prestedtjeneste som sogneprest i Fridalen.

I årenes løp hadde Hernes flere tillitsverv. I Øygarden var han med i kommunestyret og formann i skolestyret. Blant hans mange hjertebarn var søndagsskolesaken, og i den sammenhengen ofte brukt som taler og foredragsholder.

Hernes var en sentral og engasjert forkynner. Han hadde sine sterke og velbegrunnede meninger, men sto ikke på barrikadene i kirkedebatten. Han følte det som sin viktigste oppgave å arbeide på det lokale plan der kirkens liv først og fremst utfolder seg, og var en brobygger mellom forskjellige kirkelige fraksjoner.

Hans mange venner i menigheter og andre sammenhenger føler dyp sorg ved han bortgang Tankene går til hans kjære Ruth og familien ellers. Det hviler fred over de gode minnene om Knut Hernes som ble begravet fra Fridalen kirke tirsdag 27. november.

(Gjengitt med tillatelse fra Rolf Tofte. Utdrag av minneord i BT 25. november 2007)

Takk til folket i Øygarden

Sist torsdags kveld, 08.11.07, tok me imot 8 ungdomar i stova vår her i Addis. 4 av dei kom frå Øygarden, 2 elevar frå ungdomsskulen og to lærarar. Tre var frå Framnes Vidaregåande Skule og 1 kom frå Kongshaug Musikkgymnas på Os.

For to dagar sidan møtte eg same flokken langt sørvest i Etiopia. Då var dei på vei mot Jinka, ein by langt inne i sør vest Etiopia. Du kan kjøre på to dagar frå Addis til Jinka når veien er tørr og du startar tidleg på morgonen.

Dette er vel 5te året at Jinka Hospital får besøk frå Øygarden. NLM er engasjert i eit kapasitetsbyggingsprosjekt ved dette hospitalet. Den kirurgen som vårt prosjekt har i Jinka er einaste kirurg i eit omland med ½ mill menneske. Me er inne i eit av Afrikas mest underutvikla område. Her har dei ikkje hatt utdanningstilbod tidlegare. Dei har mangla helsetilbod og dei har mangla vei. No er sjukehuset kome, skular er under bygging i distriktet og ny vei heldt på å eta seg innover. Utviklinga er i gang. Her er mange ulike folkegrupper, ulike av utsjånad og vokster, ulike i språk og kultur.

Og hit kjem representantar frå Øygarden fordi skulelungdomen tek mål av seg til å samle inn pengar til prosjektet me driv ved hospitalet, og Øygarden kommune er med og gir til same formålet. Har dette nokon verdi?

For to dagar sidan stod ved senga til den 8 år gamle jenta som hadde falle ned frå eit tre. Den brekte og forvridd foten var spjelka og lagt i strekk. Det same var gjort med den brekte armen. Men ho kom seint til sjukehuset. Feberer herja og brann i den tynne kroppen. Moderne medisinar vart bruka, og dei vona dei skulle få henne gjennom krisa. Kva ville skjedd utan hospitalet, eller utan prosjektet vårt? Feberer hadde kanskje teke livet hennar. Og dersom den ikkje gjorde det, ville ho blitt ein til i flokken av uføre som det er så mange av i dette landet. Ho ville blitt ein til av dei som dreg seg fram på veikanten med utstrekke hender og tiggjar.

Med midlane frå Øygarden blir ho hjelpt tilbake til eit verdig liv.

Me helsa og på den unge mora med det nyfødde barnet. Mora som vart boren den lange veien til hospitalet der dei gjorde keisarsnitt og både mor og barn vart berga – denne gongen. Det var de i Øygarden ein del av.

Takk skal de ha både for det de gir og for dei som de sender hit år etter år! Eg skulle gjerne hatt dykk med til ein av dei nye skulane for ungdom. Det er ikkje rare greiene. Glisne vegger rundt eit jordgolv og bølgeblekk på taket. Trestokkar på golvet gjer teneste som benkar. Me prøver å få til enkle pultar etter kvart. Men dette er starten på utvikling og utdanning i eit samfunn der det ikkje har vore skule før.

Det de i Øygarden hjelper oss med, og Framnes og Kongshaug dette året, er ein dag eit keisarsnitt som reddar liv, ein operasjon som bergar liv, ein undervisningstime som gir innsikt i hygiene og barnestell. Det er lærarlønningar til ein landsby som aldri har hatt skule før eller ny tavle fordi termitten åt opp den gamle.

Med helsing og takk. Oswald og Jorunn Hindenes

Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 50 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Øygarden ungdomsskule i Etiopia

8. november stod Øygarden Ungdomsskule foran nok ein tur til Etiopia. Denne gangen var det elevane, Maren Nakken og Sarah Iren Hellesund i lag med lærarane Mette-Linda Flåten og Trond Tyssøy, som var på farten. Der besøkte dei mellom anna Jinka Zonal Hospital som Øygarden kommune og ØUS er med å støtta. Dette var Mette-Linda sin fjerde tur, mens dei andre var der for fyrste gongen.

Vi landa i Addis Abeba 8. november og blei møtt av nokre kjekke misjonærar. Turen rundt om i Etiopia blei gjort ilag med representantar frå Framnes og Kongshaug. Ilag kjørte vi rundt i Etiopia for å sjå på dei forskjellige prosjekta skulane støtta. Gjennom desse 14 dagane låg vi bak oss 2000 km på humpete og støvete vegar. Me hadde ei oppleving for livet, yrande liv og rørsele, smilande og glade menneske møtte oss over alt.

Tysdag 13. November, kom vi til Jinka Hospital, Sjukehuset vi er med å støtta. Inntrykka frå Jinka blei sterke for oss, seier Maren og Sarah. Det var tøft å sjå korleis forholda på sjukehuset var. Det lukta vondt og virka skittent der. Ikkje slik som vi er vande med i Noreg. Men nettopp dette sjukehuset reddar mange liv kvar dag. Jinka Hospital dekkjer så mange som 500 000 menneske. Men det er ikkje berre dette som er utfordringa. Dei må også kunne tilpasse seg dei forskjellige språka og kulturane menneska har. Området rundt Jinka har ca. 15 forskjellige stammar. Når vi ser kor viktig dette sjukehuset er for så mange, gjer det oss meir inspirasjon til å hjelpe, seier Sarah og Maren. Vi er glade for at vi frå ØUS og Øygarden kommune er med på å støtte dette prosjektet. Utan Jinka Hospital ville mange liv gått tapt.

Vi håpar at lesarane har blitt inspirert til å vere med å støtte dette prosjektet. Vi takker for alle gåver som blir gjevne på kontonr: 36285393153

Helsing: Maren, Sarah, Mette-Linda og Trond.



**Kjøp kjapt,
trygt
og billig**

KIWI mini
pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Opent man.-fred. til kl. 21.00

Lørdager til kl. 20.00.

**Din totalleverandør
i Øygarden**

 ØYGARDEN
BYGGSENTER

 TH
BHAS BYGG

 ØYGARDEN
BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09

Adr. Påluneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personer.

Kan levere mat til alle

Arrangerer byllaup,

anledningar.

konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59

BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP

Teatergt. 20, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER



K.H. Polden
Tlf. 56 33 45 88



Tom Wilson
Tlf. 55 18 50 80

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på

tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Sotra Omegn

BEGRAVELSEBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.


Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume | samme hus som Ligningskontoret |

ØyNytt har møtt to til samtale om jul før og no

Mormor Ruth Sandøy 66 år, oppvaksen- og bur på Hellesøy og barnebarn Julie Agathe Rong 16 år, og bur på Rong:



1. Korleis var julafta for 50-60 år sidan og i dag?

Mormor: Den mest spennande dagen i året. Juletreet vart pynta tidleg om morgonen i lag med pappa. Og huset vart pynta med glitterlenker, kvite dukar, juleløper og raude lys. Og så fekk me appelsiner og epler på bordet (det var ikkje vanleg elles i året) + nøtter og litt sjokolade. Til mat hadde me, som no, pinnekjøtt med tilbehør. Og ved bordet vart alltid juleevangeliet lest og pappa bad, og me song julesongar. Mamma bakte lefser og små-kaker som me åt, etter me hadde delt julepakkane.

Julie: Heile familien et frukost ilag. Ofte får me opna ein pakke på morgonen. Et graut med mandel i. Og så må eg sjå "Tre nøtter til Askepott" på TV, før me går i kyrkja. Så er det pinnekjøtt med kårabistappe, som eg ELSKAR. Me er som oftast ilag med andre i familien. Kjekt med masse folk ilag. Så er det opning av pakkar

2. Kva inneheld pakkane før- og no?

Mormor: Det var som regel nyttige ting som klær og sko. Men det hende og at det var "harde pakkar", som var ekstra spennande. 1. juledag var me alltid inne og spilte spill, og fekk kanskje ha på oss nye klær viss me hadde fått det til jul, men dei skulle helst sparast til julefesten.

Julie: Mange av pakkane inneheld klær, PC, TV, mobil, Tv-spill og andre teknologiske utstyr, smykker, sminke, sko, ja mykje forskjellig

3. Var/ Er de i kyrkja i jula?

Mormor: Kan ikkje hugse at det var gudsteneste på julafta

Julie: Ja, alltid på julafta

4. Kva med julefestar?

Mormor: Julefesten på 2. juledag, var stor stas. Alltid mykje folk, der me hadde julepregang, andakt, program ved søndagsskulen. Ungdomane var med i komiteen på kjøkkenet.

Julie: Eg har alltid vert på søndagsskulen sin på bedehuset (Måtte jo det når mamma var søndagsskuleleiar...), men ikkje no lenger, syns det var litt kjedelig dei siste åra. Men Ichtys og Øygarden gospel har og julefest, og DEN er kjekk☺

5. Kva syns du er den finaste julesongen?

Mormor: Det er utan tvil "Glade jul, Hellige jul

Julie: "Julestjerne, stor og fin" (Syng for Herren, Sanger 05, nr 128)

6. Kva er det beste med jul?

Mormor: Å vere ilag med dei eg er mest glad i her på jord, familien min! Og så er det beste at Jesus var villig til å gå frå sin himmel og verta født som menneskebarn her på jord. Og det for å dø på eit kors for meg og deg. Men seira over døden, reiste tilbake til sin himmel og går i forbøn for deg og meg. "For så elska Gud verda, at Han gav sin Son den einborne, for at kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv". Velsigna julehelg!

Julie: Maten og julekosen

Julekonsertar i kyrkjene:

torsdag 13. desember i Blomvåg kyrkje - Rong brass

søndag 16. desember kl.16:00 i Hjelme kyrkje: Vi syng jula inn

søndag 16. desember kl. 18:00 i Blomvåg kyrkje: Vi syng jula inn

God jul

Sokneprest og stab i Øygarden prestegjeld vil ynskja alle lesarar av ØyNytt ei signa jul og eit godt nytt år.

Samstundes vil vi senda ei stor **Takk** til alle frivillige medarbeidarar i søndagsskule- barne-, ungdom- kor- og eldre-arbeid for godt utført arbeid dette året.

Julefestar:

Hellesøy: fredag 28. desember kl. 18:00.

Program v/søndagsskulen. God bevertning

Tjeldstø: fredag.28.desember kl.18:00.

Program v/ søndagsskulen i Oen:

Blomvåg: lørdag 5.januar kl. 18:00. Tale v/ Norvald Vestheim

Blom: torsdag 27. desember kl. 18:00.

Andakt v/ Eirik Sjøstrøm. Søndagsskuleborna deltek. God bevertning

Vik: torsdag 27. desember kl. 17:00.

Familiejulefest. Julespill v/ søndagsskulen. Bevertning

SparebankenVest

- satser på Vestlandet

Vi tilbyr ferdige middagsrettar
og nysteikte bakervarer



RONGEBUA

• Post i butikk

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

Mange flotte juleartikler og gaver

Mand-fred 10-18
Lørd 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99



RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



RONG SENTER

Egne priser for pensjonistar
Langope tirsdag og torsdag.

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54

Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

Bli brun selv om det regner

Ønsker du å leie sol hjem?

Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12-rørs solhimmel
eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert
Sotra og Øygarden

Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

BPS

Solutleie v/Arvid Rong
56 38 74 54 / 56 38 73 22

i.d.

MAKEUP BASERT PÅ RENE
MINERALER FRA NATUREN
så ren at du kan sove med den



Startkit!
kr.598,-
(Verdi kr. 872,-)

Linjer, rynker og urenheter blir mindre
synlige fordi pulveret bryter lysets stråler

i.d. foundations med naturlig
UV-beskyttelse SPF15

Velkommen til oss:

ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE

Rong senter • 56 38 95 15



- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen
- Gass



BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

Øygarden elektriske as

aut. elektroinstallatør

Tlf. 56 38 94 24
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no



TORSVIK


ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no



Harkestad Betong AS

Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70

Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ



Malvin Harkestad & Sønner AS

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

Kristendomen på frammarsj i Kina

Den kjende misjonsmannen Dennis Balcombe meiner framgangen for kristendomen i Kina er den største vekkinga verda nokon gong har sett. Kvar dag kjem over 30 000 menneske til tru: - Det er fleire kristne i Kina enn nokon annan stad i verda, seier Balcombe til Korsets seier.

Han meiner elles at styresmaktene i Kina ikkje ser på kyrkjene som ein trussel lenger.

- Tidlegare var det opplest og vedtatt at religionen var den store fienden til kommunismen. No ser ein at dei kristne er fredens menneske, og der livet i kyrkjelydane fungerer, fungerer og samfunnet, seier han. I 2007 er det 200 år sidan den første protestantiske misjonær kom til Kina. KPK

Saman igjen etter 51 år

51 år etter at ho vart adoptert bort, møtte Linda Henderson frå USA endeleg si mor Ingrid Sletten, melder Sarpsborg Arbeiderblad. Det var Frelsesarmeens seksjon for ettersøkingarbeid som fekk ein førespurnad frå Linda Henderson, og som oppspora mora. Mora hadde prøvd å finne dottera, men det norske lovverket lar berre barn finne foreldre – og ikkje omvendt. Linda Henderson og mannen Harold har no besøkt mor til Linda i Noreg, og jula skal Ingrid Sletten feire saman med dotter, svigerson og sju barnebarn i New York. KPK

Navigatørene markerer 50 år

For drygt 50 år sidan starta Grete og Dagfinn Sæther arbeid i Noreg for den kristne organisasjonen Navigatørene. At Navigatørene har vore aktive her i landet i 50 år, vert markert med festmøte i Oslo, Bergen og Stavanger i starten av februar 2008. Internasjonal president i Navigatørene, Mike Treneer, deltar på samlingane. Organisasjonen, som mellom anna driv studentarbeid, ønskjer å vere ei rørsle av menneske som søker å leve nær Jesus og nær menneske – der dei er. KPK

ELDRE TREFF

Hjelme:

Kl. 16:45 i Hjelme kyrkje

Onsdag 16. januar
Onsdag 20. februar
Onsdag 26. mars
Onsdag 16. april
Onsdag 21. mai
Tur i juni

Blomvåg:

kl. 16:00 i kantina på Tednebakkan

Torsdag 24. januar
Torsdag 21. februar
Torsdag 27. mars
Torsdag 24. april
Torsdag 22. mai
Tur i juni

På måfå

Ein kjend songevangelist fortalte dette på eit møte:

Ei av venninnene hennar, som også er forkynnar, skulle ut og fly. Denne gongen var ho noko uroleg for turen. Ho tok derfor fram Bibelen og slo opp på måfå, slik nokre gjer. Mange har i ulike situasjonar fått eit bibelord som har vore til trøyst.

Venninna opna Bibelen, og augo fall på Jesu ord til røvaren på korset:
I dag skal du være med meg i paradiset!

(Sidan dette blei fortalt av venninna, er det vel unødvendig å føye til at det ikkje blei nokon paradistur den dagen.)



Hjelme sokneråd inviterer til

Hjelme sokneråd ønskjer å gjera kjent og inviterer til følgjande arrangement i Hjelme kyrkje:

1. Bibeltime v/Per Fimreite tysdag 15. januar kl 19.00.
Tema: Nådegåvene. Dette blir den siste bibeltimen i denne omgang med dette temaet. Kveldsmat.
2. Forbøns gudsteneste søndag 20. januar kl 1600 v/Per Fimreite og Svenn Martinsen. Vi startar med kaffi og kyrkjesaft!
3. ”Musikalsk” bibeltime v/Ole Abel Sveen søndag 10. februar 2008 kl 18.00. Hellesøy og Betlehem musikklag vil ta del.

Vi vonar desse arrangementa kan vera med å samla bedehus- og kyrkjeforsamlingane i nord og sør til felles inspirasjon og kveik.

INNKOMNE OFFER

Blomvåg:

10. juni	Normisjon	kr. 2622,00
24. juni	Norsk Luthersk Misjonsam	kr. 3121,00
8. juli	Bibelskolen Bildøy	kr. 2489,50
12. aug	Norsk lærerakademi	kr. 1969,00
26. aug	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 4589,00
9.sept	Bergen søndagsskulekrets	kr. 4275,50
23.sept	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3295,00
7. okt.	Nordhordland Indremisjon	kr. 2719,50
21.okt	TV-aksjonen UNICEF	kr. 2499,00
4.nov	Norsk Gideon Bibelmisjon	kr. 2985,50

Hjelme:

17. juni	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1305,00
1. juli	Ungdom i oppdrag	kr. 1060,00
15. juli	Noregs samemisjon	kr. 2535,00
5. aug	Strømmestiftelsen	kr. 2882,00
19. aug	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2816,00
2. sept	Bergen søndagsskulekrets	kr. 2620,00
16. sept	Kristen Idretts Kontakt	kr. 1170,00
30. sept	Norsk Luthersk Misjonssamb.	kr. 2213,50
14. okt	Normisjon	kr. 2910,50
28. okt	TV-aksjonen UNICEF	kr. 2011,00

DÅPSKLUBBEN TRIPP TRAPP vil nå fleire

Sidan 1999 har dåpsklubben TRIPP TRAPP formidla bibelforteljingar, gode historier, gamle og nye songskattar til tusenvis av barn. No lanserer klubben ein kampanje for å nå endå fleire. Målet er 7002 medlemmer i 2007.

- Klubben har i dag cirka 6800 medlemmer. Vi trur difor det er gode sjansar for å nå målet, seier Cecilie Holdø, dagleg leiar i TRIPP TRAPP. Ho trur mange foreldre og besteforeldre er på jakt etter bøker og materiell som kan hjelpa barna å bli kjend med den kristne kulturarven.
- Vi får mange positive tilbakemeldingar frå

foreldre som synest produkta frå dåpsklubben er ei god motvekt til mykje av det barnet møter i ulike media. Mange gjev også uttrykk for at dei synest produkta våre er ei hjelp til å snakka med barnet om Gud og det å tru. Klubben er også populær som faddergråve, legg ho til.

Cecilie Holdø fortel at klubben er eit tilbod til barn i alderen 0 til 12 år, og at medlemskap i dåpsklubben TRIPP TRAPP også er eit fint gåvetips for besteforeldre, foreldre og andre som ynskjer å levandegjera den store gåva barnet får i dåpen. Som medlem i klubben får gjevaren tre gonger i året tilbod om ein pakke til barnet. I pakken finn ein alt frå tøyleikar og krabbeteppa til forteljingsbøker, praktbøker, CD-ar og filmar som kan vera med å gje barnet kunnskap, tryggleik, leik og undring.


MINIBOKHANDELEN ANBEFALER

Dvd: Julemysteriet i Lilleby.

”Jula er i fare. Fem born har bestemt seg for å redde den”

Dette er ein heilt ny, spennande og morsom familiefilm med julas viktigaste bodskap.

Tillatt for alle aldersgrupper.
Spilletid.70 min.
pris kr.199,-
Kjekt å ha i adventstida eller under juletreet☺



Gode øygardsfolk!

Med ordføreren på ferie vert det mi oppgåve å helse God Jul frå Øygarden kommune til lesarane av kyrkjebladet.



Lat meg oppmode dykk alle til å setje fokus på andre verdiar enn dei materielle gjennom julehøgtida. Lat oss stå mot kjøpepress og anna stress.

God Jul

Otto Harkestad
varaordfører



5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD. 900-1700
FRED. 900-1900
LØRD. 900-1500

Velkommen innom lokalbutikken

Vi formidlar blomster til innland og utland



Blomsterbua

Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

GUDSTENESTER

- 09.12.07 **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/
Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
- 16.12.07 **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/
Ronny Heimli. Nattverd
- 24.12.07 **Tednebakkane kl. 11.00.** v/Svenn Martinsen
- 24.12.07 **Blomvåg kyrkje kl.14:30** Familiegudsteneste v/
Svenn Martinsen. Alis Pfeiffer syng.
- 24.12.07 **Blomvåg kyrkje kl.16:00** Lekmannsgudsteneste
v/Turid T.Amenya. Øygarden Gospel syng.
- 24.12.07 **Hjelme kyrkje kl.16:00** Familiegudsteneste v/
Svenn Martinsen. Messingblåsere vert med.
- 25.12.07 **Blomvåg kyrkje kl. 12:00** Høgmesse v/
Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
- 26.12.07 **Hjelme kyrkje kl. 12:00** Høgmesse v/
Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
- 2008
- 01.01.08 **Blomvåg kyrkje kl. 12:00** Høgmesse
v/Svenn Martinsen. Nattverd
- 06.01.08 **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiemesse
v/ vikar. Nattverd. Høve til dåp
- 13.01.08 **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse
v/ Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
- 20.01.08 **Hjelme kyrkje kl.16:00** Forbønsgudsteneste
v/Per Fimreite og Svenn Martinsen. Nattverd
- 27.01.08 **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse
v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 03.02.08 **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiemesse
v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
- 10.02.08 **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse
v/ Svenn Martinsen Nattverd. Høve til dåp
- 17.02.08 **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse
v/ vikar. Nattverd, Høve til dåp
- 24.02.08 **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse
v/ Svenn Martinsen . Nattverd

TIL LUKKE

70 år:

- 06.des Marie Pernille Skarveland, Toft
- 07.des Berit Mathilde Broholm Toft, Toft
- 29.des Rolf Kristiansen, Hellesøy
- 16.jan Hans Leon Kuven, Rong
- 02.feb Svein Oddmund Lokøen, Tjeldstø

75 år:

- 31.des Sigmund Hellesund, Utnesdal
- 15.jan Marie Skråmestø, Torsvik
- 16.jan Alf Martin Torsvik, Vik
- 18.jan Rikke Herdlevær, Toft
- 29.jan Peder Alvheim, Alvheim
- 09.feb Magnus Sture, Sture
- 20.feb Karin Pernille Fjeldstad, Dale
- 22.feb Aslaug Elvira Torsvik, Torsvik
- 23.feb Olav Anfinn Mikkelsen, Knarvik

80 år:

- 12.des Hjørdis Maria Skjønhaug, Rong
- 22.des Kamilla Heggøy, Tjeldstø
- 02.jan Karl Annfinn Blom, Blom
- 23.jan Johanna Ågot Torsvik, Arsetlia
- 26.jan Konstanse Kårbø, Dale

Adventsgudstenester for barnehage og skular

Slik det har vore tradisjon i mange år inviterer kyrkja til barnehage- og skulegudstenester også i år. Invitasjonen har gått ut til barnehage og skular. Foreldre, besteforeldre og andre er velkomne å fylgje med til desse gudstenestene.

Tysdag 11. des. kl 10.30 i Hjelme: Breivik og Tjeldstø barnehagar

Fredag 14. des. kl 10.30 i Blomvåg: Havly og Terna barnehagar og Familiebarnehagane

Onsdag 19. des kl 12.00 i Blomvåg: Blomvåg skule

Torsdag 20. des kl 09.00 i Blomvåg: Rong skule

Torsdag 20. des kl 10.00 i Blomvåg: Toftøy skule

Fredag 21. des kl 09.00 i Hjelme: Øygarden Ungdomsskule

Fredag 21. des kl 10.00 i Hjelme: Alvheim og Bakken skular

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypte

BLOMVÅG:

Jesper Sjøvold Fjeldstad, Oen
Tomine Måge, Skjærgardstunet
Øyvind Herdlevær, Herdlevær
Anna Marit Dale, Blomvåg
Leander Hennø, Ågotnes
Elida Dale Hellesund, Rong
Anna Kårbø Rong, Blomvåg
Elias Steen Dale, Dale
Elias Hindenes, Rossnes
Oda Halland Vatland, Knappen
Helene Torsvik Dale, Torsvik

HJELME:

Matheo Knarvik Fjeldstad, Tjeldstø
Julie Cathrine Lape Hellesund, Bakken

Døde

BLOMVÅG:

Olga Lorentse Mikkelsen, Blomvåg f.1926
Alv Magnus Breivik, Arendal f. 1921
Nelly Marie Oen, Oen f.1921
Betsy Torsvik, Tednebakkane f. 1913

HJELME:

Helmer Kurt Tjong, Nordvik f. 1952
Alf Arvid Nakken, N.Sæle f 1943
Solbjørg Nansy Tornøe, Nautnes f 1943
Bernt W. Alvheim, Tednebakkane f 1908

85 år:

- 09.jan Anna Alida Fjeldstad, Nystovevegen
- 17.jan Solveig Fjeldstad, Tjeldstø
- 18.jan Anna Hansine Marie Tellnes, Torsvik
- 4.feb Anna Sæther, Blomvågnes

90 år:

31. des Olav Martin Sanden, Tednebakkane
- 19.feb Kristen Fjeldstad, Tjeldstø

DET HANDLAR OM NÆRLEIK

I Barcelona ligg katedralen for ”Den heilage familien”. Dei tok til med å bygge på den i 1882. Dei byggjer og byggjer og er enno ikkje ferdige. Eg såg den då eg var på visitas i Sjømannskyrkja i Spania no i oktober. Eg trur heile bibelsoga kjem med når utsmykkinga er ferdig. Men det vert altså eitt fokus: Den heilage familien med Maria, Josef og Jesusbarnet.

Ute på ein av veggane har bilethoggaren forma Jesu andlet i stein. Det er laga slik at kvar du enn flyttar deg, så fylgjer augo hans med deg. Dei ser deg, kvar du enn går.

Det var tankevekkjande å sjå på menneska når dei i hundretal gjekk rundt på plassen og på fortauet nedanfor. Nokre visste nok ikkje om det, eller tenkte ikkje på det. Dei hadde anna å gjere og hasta forbi. Men mange gjekk og skotta opp for å sjå om dei verkeleg framleis var sett. Kan hende syntes dei at det var ubehageleg at Jesu augo aldri sleppte dei. Eg opplevde det som utruleg godt. Det er jo slik eg kjenner han frå Bibelen: Jesus veit om meg, han tar vare på meg og vil meg vel.

Det handlar om nærleik, slik det gjør i alle julefortelingane. Evangelisten Johannes fortel at Guds Son ”kom til verda”, ”var i verda”, ”kom til sitt eige” og ”tok bustad mellom oss”.

Eg tenkjer at dette må få konsekvensar. Vi kan ikkje berre haste gjennom jula slik mange gjorde det utanfor katedralen i Barcelona. Johannes fortel at ”Jesus kom til sitt eige”. Dette er den historiske forankringa for jula. Så held han fram med jula si utfordring og gåve: ”Alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans.” (Joh 1,11-12).

Det tyder at ”den heilage familien” har utvida seg noko heilt enormt! Vi òg kan verte Guds born. Vi kan verte Jesus sine brøyr og søstrer! Det er dette som er jula sitt evangelium.

Ut over heile verda har julebodskapen gått ut og skapt nærleik på tvers av kontinent. Dei same augo som fylgjer oss, fylgjer våre medsysken over heile verda. Jesus har sett oss. Gud har frelst oss. Vi er ikkje gløymde!

Med ynskje om ei signa jul!

